



VESTNES KOMMUNE
Eigedomsdrift
6390 VESTNES

KJØPEKONTRAKT

mellom

Vestnes kommune, foretak nr. 939 901 965 (seljar)

og

nn foretak nr. _____ (kjøpar)

1. EIGEDOMEN

Seljaren plikter å overdra til kjøparen eigedomen gnr. 33, bnr. 108 i Vestnes kommune, næringstomt på Skorgeneset Industriområde, mot betaling av kjøpesummen i.h.t. pkt. 2.

2. KJØPESUM

Kontraktssummen går fram slik:

| | |
|--|--------------------|
| Tomtepris, inkl. tekn. anlegg (kr 40 x 4435,4 m ²) | kr. 177.416 |
| Frådelingsgebyr | kr. 2.600 |
| Oppmålingsgebyr | kr. 11.020 |
| Dokumentavgift til staten (2,5 % av kjøpesum) | kr. 4.435 |
| Tgl.gebyr for skøyte og matr.brev | kr. 1.050 |
| <u>Kontraktssum</u> | <u>kr. 196.521</u> |

3. BETALING

Kjøpesummen forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato, eller må vere betalt før arbeidet på tomta tek til dersom det er aktuelt med oppstart av tomtearbeid før denne dato.

4. OVERDRAGING, INFRASTRUKTUR

Når kjøparen har betalt kjøpesummen, erklærer seljaren at matrikkelbrev og skøyte vert sendt til tinglysing, og tomta vert stilt til disposisjon for kjøparen. Tomta vert å overta slik den i dag ligg føre, jf. pkt. 9. Gjenstandar og anna synleg materiell som eventuelt måtte finnast på tomta vil bli fjerna av seljar.

Kjøpar tek over eigarskap til rør frå tilknytingspunkt på hovudleidning og fram til eiga tomt/bygning. Kjøpar har ansvar for å inspisere og sjølv vurdere om han vil buke infrastrukturen som er lagt fram eller om han vil etablere ny.

5. TILKNYTINGSavgIFT FOR KLOAKK OG VATN

Tilknytingsavgift for kloakk blir oppkrevd seinare etter bebyggd areal. Tilknytingsavgift for vatn betalast til Vestnes Vassverk.



VESTNES KOMMUNE

Eigedomsdrift
6390 VESTNES

6. LEIDNINGAR, RØR MM.

Utan vederlag har kommunen rett til å føre fram over parsellen leidningar m/kummar til andre tomter. Denne retten gjeld og vedlikehald og omleggingar av slike. Etter samtykke frå Vestnes kommune har andre offentlege etatar samt tele-/datakommunikasjonsfirma dei same rettane. Mogleg skade/ulempe med leidningar som ikkje kan rettast opp skal erstattast.

Evt. tvist skal avgjerast ved voldgift. Kjøparen må ikkje bygge over leidningane eller disponere eigedomen slik at leidningsnettet blir utsett for skade.

7. GRUNNFORHOLD

Eigedomen vert seld i den stand den var ved kjøpar sin besiktigelse, og kjøparen kan derfor ikkje påberope seg manglar ved eigedomen.

I følgjande tilfelle har eigedomen likevel mangel som kjøparen kan påberope seg:

- Når kjøpar ikkje har fått opplysningar om forhold ved eigedomen som seljar kjente eller måtte kjenne til, og som kjøpar hadde grunn til å rekne med å få. Dette gjeld likevel berre dersom ein kan gå ut frå at det har virka inn på avtalen at opplysningane ikkje vart gitt.
- Når seljar har gitt uriktige opplysningar om eigedomen. Det same gjeld dersom eigedomen ikkje er i samsvar med opplysningar som er gitt i annonse, salsprospekt eller ved anna marknadsføring på vegne av seljaren. Dette gjeld likevel berre dersom ein kan gå ut frå at opplysningane har virka inn på avtalen, og ikkje er blitt retta i tide.

Seljar si opplysningsplikt og kjøpar si undersøkingsplikt

Seljar har plikt til å opplyse om skjulte og/eller openbare feil og manglar som han kjenner eller måtte kjenne til. Dersom seljar har gitt uriktige opplysningar, vil det foreligge ein mangel.

Kjøpar kan ikkje gjere gjeldande som mangel noko han vart kjend med eller burde blitt kjend med ved besiktigelsen. Det same gjeld andre forhold kjøpar kjente eller måtte ha kjent til då avtalen vart inngått.

Særskilt opplysning om salsobjektet

Kjøpar vert med dette gjort merksam på at næringstomta som vert overdratt har vore overdratt tidlegare, men seinare seld attende til seljar i medhald av kommunen sine reglar for tilbakekjøp av ubebygd eigedom. Seljar er ikkje kjent med i kva stand tomta er i ved overdraginga i henhold til denne kjøpekontrakta, all den tid tomta har vore eigd av andre i tidsrommet 11.04.2013 til 22.12.2020. Seljar har gjort enkelte avgrensa undersøkingar på tomta, med bakgrunn i at tidlegare eigar har oppbevart diverse bilar, bussar, olje mv. på eigedomen. Seljar sine begrensa undersøkingar har ikkje avdekka behov for tiltak, men kjøpar vert gjort merksam på at det ikkje har blitt gjennomført noko miljøundersøking. Kjøpar aksepterer at seljar ikkje har noko ansvar for miljømessige forhold ved eigedomen, risikoen for eventuelle miljømessige forhold følger eigedomen og vert følgeleg å overta ved erverv av eigedomen.



VESTNES KOMMUNE

Eigedomsdrift
6390 VESTNES

8. FORBOD MOT VIDARESAL

Tomt som det ikkje er starta byggeverksemd på kan ikkje seljast vidare utan kommunen sitt samtykke, jf. vedlagte tildelingsreglar.

9. TILBAKEKJØPSRETT, BYGGEFRIST MM.

Kjøpar plikter, dersom kommunen ønskjer det, å selje tomta attende til kommunen til same pris som han sjølv har betalt, eksklusiv tinglysingsgebyr og dokumentavgift, dersom det ikkje er starta opp byggeverksemd innan 3 år etter at tomta er overskøyta.

Kjøper har blitt gjort kjend med «tildelingsreglar for kommunale næringsstomter», og desse reglane følgjer som vedlegg til denne kjøpekontrakten.

Bestemmelsane om byggefrist, forkjøpsrett mm. vert tinglyst som hefte på eigedomen.

10. SIGNATUR

Avtalen er utferdiga i 2 eksemplar, eit til kvar av partane.

Vestnes / 2022

.....
Vestnes kommune

.....
nn

Vedlegg: Kart
 Tildelingsreglar for kommunale næringsstomter